

Filmprosjektet til 7. klasse er avslutta.

14.12.2018



7. klasse elevane saman med kontaktlærer og filmskapar samla i skulestova på Haugland.

I november måned hadde 7. klasse ved Uskedal skule filmprosjekt. Det var eit tilbod frå filmskapar Merete Offerdal Tveit i regi av Den kulturelle skulesekken. Uskedalen var ein av sju skular som takka ja til tilbodet. Før filminga måtte elevane finna tema og laga utkast til manus. Etter ei grundig førebuing med feltarbeid kom klassen fram til at ein ville dokumentera ein skuledag på Haugland gamle skule.



Elevane kjem til skulen ein kald haustdag i november.

Sjølve filminga vart gjort onsdag 21. november, ein kald haustdag der elevane fekk kjenna på kroppen kulden før ein fekk god fyr omnen og varme i skulestova. Veka før var klassen på plassen for å gjera seg kjende med korleis det var å vera elev på ein todelt krinsskule. I filmprosessen fekk elevane eit innsyn i det å vera med på filming. Mange av sekvensane vart filma mange gonger, frå ulike vinklar og for å få fram det som var viktig.



Arvid Johannes Eide med barnebarnet Elias på trappa ved inngangen til skulemuseet.

Innhaldet i den vel 10 minuttar lange dokumentaren er tre delt:

- Elevane frå Haugland til Fjellandsbø kjem til skulen og gjennomfører ein skuledag med utdrag frå nokre fag,- Bibelsoga, song, landkunna og norsk
- Arvid Johannes Eide, bestefar til ein av elevane, fortel korleis det var å gå på Haugland skule. Han sit på pulten sin og fortel levande om lærar Sigurd Haugland, om fag og ikkje minst om friminuttane og spesielle hendingar
- Informasjon om skulestova og inventaret, om skulen etter Landsskuleloven i 1860 der krinsar med meir enn 30 born var pålagde å byggja faste skular. Haugland krins fekk sin faste skule i 1893.

Etter klipping og redigering er filmprosjektet avslutta. Elevane og foreldra har sett filmen. Merete Offerdal Tveit fortel at ho er godt nøgd med filmprosjektet i Uskedalen. Elevane var godt førebudde og gjekk grundig inn i dei ulike rollene. Alle dei sju filmene frå Kvinnherad vert sleppte ein gong på nyåret.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Filmskapar Merete Offerdal Tveit gjer eit grundig arbeid med å dokumentera den gamle krinsskulen på Haugland.